

# LYS VÅKEN

MINILEIR I KYRKJA 12.-13. NOV



Meld deg på her innan fredag 4. nov:  
[minkirkeside.no/sunnfjord](http://minkirkeside.no/sunnfjord)

## Leiarar som blir med:

Sokneprest Silje Sørebo, Kari Skrede og Aase Britt Øygard frå speidargruppa på Skei, Reidunn Gravdal Nedrebø og Mari Håland frå kyrkjelydens trusopplæringsutval. Nokre ungdommar frå vidaregåande blir også med. Det er fint om foreldre/føresatte har lyst å hjelpe til. Meld dykk isåfall ved påmeldinga.

## Dette må du ta med på leir:

Ein liten premie til utlodninga søndag (treng ikkje kjøpe noko nytt, kan ta med noko brukt heimafrå som andre kan ha glede av)  
Sovepose og liggeunderlag (og eventuelt pute)  
Tannbørste og tannkost  
Pysjamas  
Varme klede (i tilfelle vi skal vere ute)  
Innesko dersom du skal vere med på idrettsaktivitet i hall  
Syltetøyglas eller gamle stoff/kle om du skal vere med på formingsaktivitet  
Godteri for ca 30 kr til å dele (vi samlar inn slik at vi deler med kvarandre)  
Mobilar som er med, blir oppbevart i mobilhotell under leiren.

Velkomen til leir! Håpar du har lyst å vere med!


# LYS VÅKEN

## Kontaktinformasjon

Silje Sørebo  
Sokneprest  
[silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no](mailto:silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no)  
47399492  
[kirken.no/jolster](http://kirken.no/jolster)



DEN NORSKE KYRKJA  
Åhus og Helgheim kyrkjelyd



STØRST AV ALT  
TRU • HÅP • KJÆRLEIK

# LYS VAKEN



I november og desember er det mange 5. og 6 klassingar landet rundt som er med på overnatting i si lokale kyrkje. Arrangementet heiter Lys vaken og dette kan du få vere med på i kyrkja på Vassenden 12. og 13. nov. Det startar laurdag kl 16. Om ettermiddagan kan du velje mellom idrettsaktivitet i hall, dans, drama eller gjenbrukskunst/formingsaktivitet.

Elles skal vi blant anna ete og kose oss, leike, kanskje nyte stjernehimmlen rundt bålpanna om vêret blir klart og overnatte i kyrkjerommet (om du heller vil sove heime, men vere med laurdag kveld og søndag er det sjølvsagt lov).

## Søndag

På søndag blir det gudsteneste kl 11 som er åpen for alle. Då kan familie komme og vere med. Etter gudstenesta blir det kaffe og kaker og utlodning til to prosjekt som vi skal få kjennskap til på Lys vaken:

Speidargruppa si innsamling til Ukraina og kyrkjelydens grønne prosjekt i India.

Lys vaken handlar om å vere lys vakne for det som skjer rundt oss, lys vakne for kvarandre, for rettferd og skaparverket.

## Meld deg på

Du må melde deg på Lys vaken innan 4. nov ved å gå inn på denne linken: [minkirkeside.no/sunnfjord](http://minkirkeside.no/sunnfjord). Der vel de kva aktivitet de skal vere med på om ettermiddagen.

Sjå baksida av brosjyren for info om leiarar som er med og kva du skal ta med.